

## FASTEAKSJONEN: KOMMUNIKASJON OG TILRÅDING TIL KYRKJELYDANE

### Kjære kyrkjelydar,

Vi er i ein spesiell situasjon, og mange kjenner uvissa på kroppen. Det er i desse tider vi skal stå saman. Solidariteten kan også strekkjast ut over grensene våre.

No er det mange som lagar til **digitale innsamlingsbøsser** over heile landet – det er fantastisk! Bruk desse no ved å be bøsseberarane dela bøssa til vener og familie. Deling via Messenger er mest kraftfullt. Når vi nærmar oss aksjonsdagen, vil Kirkens Nødhjelp også oppretta ei **nasjonal Facebook innsamling**, og vi ber alle om å dela denne i tillegg slik at den får spreing og merksemd på Facebook!

Men før den tid treng vi at så mange som råd er av dykk held fram med å laga til det vi kallar den digitale innsamlingsbøssa – altså ei Facebook-innsamling for kyrkjelyden dykkar. Resultatet frå Facebook-innsamlingane blir synleg på soknet på fasteaksjonen.no når de rapporterer inn den som «bøssebeløp» på soknet si side. Det må de gjera manuelt, anten når innsamlinga er avslutta eller undervegs, så ofte de vil.

Alternativt kan de sleppa kreativiteten laus og finna andre måtar å samla inn digitalt, gjerne ved å spreie vippsnummeret vårt 2426. Men Facebook er så langt vi erfarar det mest effektive verktøyet for digital spreing i dagens samfunn. Det som blir sendt på VIPPS til 2426, blir automatisk synleg på kyrkjelyden si side på fasteaksjonen.no.

### Tilrådingar til kyrkjelydar no:

#### Tiltak 1: Opprett ei digital innsamling

- Opprett ein **Facebook innsamlingsaksjon**, det vi kallar ei digital bøsse! Rettleiing for korleis de opprettar digital innsamlingsbøsse finn de [HER](#).
- Sprei informasjon om **Vipps til 2426 og SMS VANN til 2426**

#### Tiltak 2: Engasjer konfirmantane i digital undervisning og be dei spreie digital bøsse

- Oppfordra konfirmantane til å gjennomføra den **alternative konfirmantundervisninga** på nett. Vi har laga to versjonar, ein [kort versjon](#) og ein [litt lengre versjon](#). Be gjerne konfirmantane om å senda inn svar på quizen til dykk!
- Så skal alle konfirmantane “gå med” digital bøsse, tilsvarande når vi går dør til dør. Då må dei **dela Facebook innsamlinga via Messenger**, til vener, familie og kjende slik at dei får høve til å bidra. Hugs at det bør skje med Messenger og at de må bruka Facebook-innsamlinga med personleg melding i Messenger for å få max spreing av budskapen.
- Arranger eventuelt ein **ringerunde eller SMS-runde** der kvar konfirmant får ei liste dei skal kontakta
- Hvis de har fleire **gode idéar** til korleis de kan samla inn pengar - kjør på.

#### Tiltak 3: Nasjonal innsamlingsaksjon

- Få så mange som råd er til å spreie den nasjonale innsamlingsaksjonen på Facebook når den blir annonsert (vi seier ifrå). Då når vi til slutt heile Noreg!

Kirkens Nødhjelp,  
v/Gunnar Kartveit  
Regionskoordinator, Bjørgvin  
Tlf +47 916 91915